



Rettleiing i lita gruppe

Rettleiing i lita gruppe, også omtala som individuell rettleiing med observatør, er i denne samanheng inspirert av handlings- og refleksjonsmodellen (sjå kapittel 3). Rettleiing i lita gruppa blir organisert i gruppe på minimum tre (retteiuar, vegsøkjjar og observatør), men gruppa kan utvidast med fleire observatørar. Gruppa bestemmer tid og rom sjølve og avklarar rammene før rettleiinga tek til. Målet er å rettleie om reelle yrkesutfordringar med utgangspunkt i autentiske, ikkje hypotetiske, problemstillingar.

Arbeidsmåte

1. Les raskt gjennom dei rettleiingsdokument gruppedeltakarane har førebudd.
2. Avgjer kva rettleiingsgrunnlag gruppa vil starte med. Den som har skrive det rettleiingsgrunnlaget gruppa vel, får rettleiing. Avgjer kven som skal vere rettleiuar, om gruppa/kollegiet ikkje har ein fagleg rettleiuar med rettleiingskompetanse. Den eller dei andre er observatør(ar). Det kan gjerne vere fleire observatørar som kan ha ulike inngangar for kva dei observerer.
3. Repeter raskt oppdraga for rettleiuar og observatør, som bør vere lese godt igjennom på førehand.
4. Rettleiuar startar rettleiingssamtalen med vegsøkjjar ut frå situasjonen som er skildra i rettleiingsdokumentet.
5. Veksle mellom rettleiing og samtale om rettleiing ved å bli samde om det å ta eit steg til sida og diskutere arbeidsmåten ved behov. Dette for å finne ut og diskutere det som eventuelt ikkje fungerer, eller som fungerer godt. Dette er i rettleiingslitteraturen omtala som ein *metasamtale* – ein samtale om samtalen. Metasamtalen er viktig for å rydde opp i eventuelle misforståingar relatert til kommunikasjon og prosedyre, som kan forstyrre rettleiinga og redusere utbyttet.

6. Avslutning: Sett av minimum fem minutt til å samanfatte erfaringar, diskutere utbyttet av rettleiinga for vegsøkjjar, rettleiar og observatør, og eventuelt vegen vidare om ein har fleire rettleiingar sett i system.

Rettleiaren

Rettleiaren startar rettleiinga med å få klarlagt om problemet til vegsøkjjar er forstått, og innhentar meir informasjon om situasjonen og bakgrunnen. Målet er å finne ut om det er noko spesifikt å gripe tak i og diskutere, og ikkje prøve å komme igjennom mange og mykje. Tid er viktig i rettleiing. Om problemet ikkje er lett å forstå, tek rettleiaren tak i noko som er sagt (direkte eller indirekte), og ber om utdjupingar. Rettleiaren stiller ulike spørsmål og prøver å føre samtalen ut frå kva som skal gjerast, men også med vekt på ulike grunn- gjevingar, teoretisk og praktisk, og kva verdiar og etiske refleksjonar som ligg til grunn. Rettleiaren må her prøve å forstå kva vegsøkjjar seier, meiner og tenkjer, gjennom å stille opne spørsmål og finne ut korleis vegsøkjjar sjølv tenkjer situasjonen kan løysast. Her bør rettleiaren be om konkretiseringar og sjølv bidra til å støtte vegsøkjjar med å få konkretisert ei løysing på problemet. Når rettleiaren kjenner på erfaringar og kunnskap som vegsøkjjar kan ha nytte av, kan rettleiaren gje råd ut frå desse og prøve gjennom ulike inngangar å utfordre praksisteorien til vegsøkjjar. Rettleiaren må gjerne komme med alternative måtar å forstå problemet på og introdusere forslag til løysingar om vegsøkjaren ønskjer det. Rettleiaren bør avslutte med å be vegsøkjjar fortelje noko om kva vegsøkjjar vil ta med seg frå rettleiinga.

Observatøren

Observatøren følgjer med på rettleiinga og rapporterer om sider ved det som skjer, som deltakarane kanskje ikkje registrerer sjølve. Observatøren bør notere ned det som blir sagt og gjort, men også det som ikkje blir sagt og gjort. Observatøren vurderer både innhaldsplanet (saka som blir diskutert), relasjonsplanet (samspelet mellom deltakarane) og den generelle opplevinga av rettleiinga. Observatøren kan også rapportere til dei andre deltakarane i metasamtalen etter at rettleiinga er avslutta, eller undervegs når gruppa finn det ønskjeleg. Observatøren bør spesielt leggje merke til korleis rettleiinga startar, korleis relasjonen mellom rettleiar og vegsøkjjar blir etablert, kva

som blir tatt opp i rettleiinga, og kvifor akkurat desse temaa blir diskutert. Observatøren bør leggje merke til kva type spørsmål rettleiaren tek i bruk, og korleis desse blir mottatt av veggskjar. Gjer rettleiaren noko anna enn å stille spørsmål, og korleis reagerer veggskjar på dette? Korleis nyttar rettleiar/veggskjar seg av metakommunikasjon undervegs? Snakkar dei om måten dei snakkar saman på? Observatøren må gjerne notere ned nokre døme på det, det er ikkje sikkert at dette er like tydeleg for deltakarane i rettleiinga. Blir noko spesielt tematisert i rettleiinga, og kva grunngevingar blir gitt? Ofte er det nyttig for rettleiar og veggskjar om observatøren registrerer det som går føre seg, for å få rettleiar og veggskjar til å reflektere over rettleiinga i ettertid. Her er det viktig at observatøren er beskrivande i starten, og held tilbake eiga tolking og forståing, for heller å vere presis og nøytral i skildringa.